



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato
30.11.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11825 632.2
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Tilskott til Hordaland fylkeskommune for deira ansvar med DFS - desktop for skolen. Opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, viser til vår dialog i 2016 med Hordaland fylkeskommune om ansvaret som nasjonal innhaldsansvarleg for DFS – desktop for skolen. Dette ansvaret blei i juni 2016 nedfelt i ei interfylkeskommunal avtale (sjå vedlegg).

Hordaland Fylkeskommune får tildelt til saman kr. 4 756 800,- for dette arbeidet i 2017. **Kr. 2 090 800,-** blir overført til **Hordaland fylkeskommune**, kontonr. **5201 06 74239** (org.nr 938626367) merkt ”Opplæring innanfor kriminalomsorga - DFS koordinering” i desember 2016. Resten av tilskottet blir utbetalt i 2017.

I samsvar med avtalen skal oppdraget vurderast hausten 2017. Dette inneber ei vurdering av om tilskottet dekker dei oppgåvene som ligg til ansvaret som nasjonal innhaldsansvarleg for DFS.

Endeleg oppgjer for 2017 vil bli gjort når revidert rekneskap for verksemda ligg føre, jfr punkt 1.3. i avtalen. Rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for den tildelte summen, må oppbevarast slik at dei lett kan skaffast fram og etterprøvast.

Fylkesmannen i Hordaland gjer og merksam på at §10 i bevilgningsreglementet gir Departementet, Fylkesmannen og Riksrevisjonen høve til å føra kontroll med at tilskottet blir nytta i samsvar med føresetnadene. Heile tilskottet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje blir nytta i samsvar med tildeling og regelverk jf. bevilgningsreglementet § 10 andre ledd og lov om Riksrevisjonen §12 tredje ledd. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette bli retta opp ved eit seinare høve.

Med helsing

Anne K. Hjermand
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Paal Christopher Breivik
seniorrådgjevar